

SISTE INDRE



Vi er gode nyheter

Dere skal få kraft



Om overskriften i denne leder for Siste Indre hadde vært en beslutning i det norske stortinget før politikerne tok sin sommerferie ville det blitt hovedoppslag i alle nyhetsbilder.

Som følge av flere faktorer som slo til samtidig, som krig i Ukraina, lav fyllingsgrad i våre vannmagasin, krafteksport fra Norge til andre land, opplevde vi en prisøkning på strøm som var helt utenkelig. Det rammet både husholdninger og næringsliv hardt. Som følge av dette har politikere gitt strømstøtte på ulike måter de senere år. Det siste i rekken av disse er det vi kjenner som Norgespris.

Uansett hvem som sitter med makten vil de aldri gjøre et vedtak som har ordlyden: "Dere skal få kraft!" Det liv vi lever som kristne og den tjeneste vi står i handler om kraft, noe vi lærer å kjenne gjennom bibelen som "Åndenes kraft". Vi har nettopp lagt bak oss den siste høytid som vi kristne feirer gjennom kirkeåret, pinsehøytiden.

I Apostlenes gjerninger kapittel 1 og vers 8 leser vi Jesu siste ord til sine disipler før han reiser hjem til himlen. Han sier følgende: "Men dere skal få kraft idet den Hellige Ånd kommer over dere. Og dere skal være mine vitner både i Jerusalem og i hele Judea og Samaria og like til jordens ende."

På Oljeberget stod der igjen 11 menn med en formidabel oppgave fremfor seg. De skulle være hans vitner like til jordens ende! Til oppgaven var løftet gitt: "Dere skal få kraft!"

Leser vi Apostlenes gjerninger om det som skjedde etter pinsedag står der igjen og igjen tre ord knytta til apostlenes tjeneste: "I Åndenes kraft"

Et ord som brukes knytta til kraftproduksjon, tilgjengelighet og pris er fyllingsgrad. Fyllingsgrad handler om % fylling i våre vannmagasin til enhver tid. Vi tjener en Gud som villig og alltid gir sine barn av sin uuttømmelige kraft! I Filipperne kapittel 4 og vers 19 står der: "Min Gud skal etter sin rikdom fylle all deres trang i herlighet i Kristus Jesus."

Der fyllingsgraden er lav i våre liv som kristne fyller han oss med sin kraft! Oppfordring i møte med sommer og kommende høst er denne fra Efeserne kapittel 5 og vers 18 "bli fylt av Ånden"

**I Guds rike er der ingen kraftkrise!
Dere skal få kraft!**



Indremisjonsforbundet i Rogaland
Mjøhusvegen 70, 4364 Sirevåg
Tlf. 51 79 38 80
Nettside: imfrogaland.no
E-post: rogaland@imf.no

Direktenummer:
Anne Berit Aarsland 977 67 073
Terje Slettebø 51 79 38 80
Anne Birgitte Auestad 920 90 232
Gina Ueland 478 70 409
Anita Auestad 481 92 104

Kretsleiar
Johan Halsne
Tlf 906 42 479

Kretsstyreleder
Kari Helen Garheim
Tlf 975 74 550

Bankgironr.
8220.02.80101
v:pps # 21841

SISTE INDRE
Organ for ImF-Rogaland
Tilslutta Indremisjonsforbundet
Kjem ut 4 gonger årleg
Kontingent kr 300,-
Redaktør: Terje Slettebø
Sats: Tubb
Trykk: Lura Trykkeri

Framsidedeilete:
Krossen på Furutangen

OGNATUN
Mjøhusvegen 70
4364 SIREVÅG
Tlf. 51 79 38 88

Direktenummer
51 79 38 88
Heimeside: ognatun.no
Epost: ognatun@imf.no

Avdelingsleiar:
Henriette Holta
Tlf. 51 79 38 88

Gud gir liv, vekst og håp

Det er en fin årstid vi er inne i nå. Den svenske poeten og salmeforfatteren Carl David af Wirsèn beskriver det slik: Så grønn en drakt, så rik en duft har smykket dal og enger. Nå strykes ømt av lys og luft de fagre urtesenger. Hør lundens sus og bekkens brus forkynner hva som kommer: Omsider blir det sommer. (Norsk Salmebok nr 845, vers 1)

Denne vakre tiden minner meg om flere ting: 1. Hvor overveldende stor og mektig vår Gud og Skaper er. «Gud så på alt det han hadde gjort, og se, det var svært godt». 1.Mos 1,31. Når naturen våkner til liv etter en lang vinter, ser vi Guds skaperkraft i aksjon. Han ikke bare skapte en gang for lenge siden, men han «bærer alle ting ved sitt mektige ord» Hebr

1,3. La oss takke Gud for alt det vakre og store i naturen og la oss ta vare på skaperverket på en god måte.

2. Denne årstiden minner oss også på spirekraften i såkornet. Små frø legges i jorden. Med godt stell, vokser det frem korn, blomster, grønnsaker, ja, til og med trær. «Jeg plantet, Apollos vannet, men Gud ga vekst» skriver apostelen Paulus i 1 Kor 3,6. Guds Ord er såkornet som vi skal så ut. Det har spirekraft i seg selv, men vi som er Jesu disipler i dag, er kalt til å så det ut og til å stelle med jorda. Wirsèn sier det slik i salmen: «Men du, o Gud, som gjør vår jord så skjønn i disse stunder, gi at jeg akter mest ditt ord og nådens store under».

3. Sommertiden minner meg også om at Gud skal skape en ny himmel og en ny jord. «Og jeg så en ny himmel og en ny jord. For den første himmel og den første jord var borte,»



Joh Åp 21,1. Jesu død og oppstandelse har åpnet veien til Gud og til hans evige rike. Når naturen og vi selv går mot høst, vinter og død, lyser håpet fra Golgata kors og den tomme grav for alle som vil følge Jesus. Jesus sier selv: «Jeg er oppstandelsen og livet. Den som tror på meg, skal leve om han enn dør». Joh 11,25.

Alt kjød er gress og flyktighet, Det tæres fort av elde.
Kun du, Treenig majestet, er evig i din velde!
Med sjel og kropp skal jeg stå opp og blomstre i ditt rike,
Når denne jord må vike. (NoS nr 845 v 4)

Nytt kretsstyre

Det nye kretsstyret etter valet på årsmøte hadde sitt første styremøte 27. mai og konstituerte seg med Kari Helen Garheim som leder og Bernt Jarl Berge som nestleder.



Foran f.v. Kari Helen Garheim, Morten Habbestad, Leif Jakobsen. Bak f.v. Bernt Jarl Berge, Jarl Steinar Lædre, Johan Halsne (kretsleder), Helen Slettebø og Bente Roth. (Foto Terje Slettebø)

Ognatun viktig i indremisjonsarbeidet



Ei lyttande årsmøteforsamling.

Tysdag 21. april var 54 utsendingar samla til årsmøte i ImF Rogaland på Ognatun. Leirstaden Ognatun er viktig og leirarbeidet, Retreat, konsertar og påskemøter fekk mykje fokus på årsmøtet. Samtidig vart det understreka at det viktigaste indremisjonsarbeidet blir drive lokalt i lag, foreiningar og forsamlingar. Og at kretsen arbeider med nettverk som skal vera til hjelp i det lokale arbeidet.

► Av Terje Slettebø

Generalsekretær i Indremisjonsforbundet, Jarle Haugland, var med som talar på årsmøtet. Han minna dei framførte ut frå 1. Timoteus brev om å ta vare på det som er overgitt deg.

Ta vare på kjærleiken!

Ta vare på kjærleiken. Arbeidet vi utfører i Guds rike må bli gjort i kjærleik, og viste til 1 Kor 13. 1-3.

«Om eg talar med mennesketunger og engletunger, men ikkje har kjærleik, då er eg ein ljomande malm eller ei klingande bjølle. Om eg har profetisk gåve og kjenner alle løyndommar og all kunnskap, og om eg har all tru, så eg kan flytta fjell, men ikkje har kjærleik, då er eg ingenting. Og om eg gjev alt det eg eig til mat for fattige, og om eg gjev lekamen min til å verta brend, men ikkje har kjærleik, då gagnar det meg ingenting.» Vi er kalla til å elske våre naboar, kollega, ja våre meiningsmotstandarar. Og det er viktig at vi tek vare på kjærleik frå Jesus i våre eigne liv, minna Jarle på.

Ta vare på bodskapen!

Han tok vidare fram at vi må ta vare på bodskapen, evangeliet som er oss overgitt. Gud ynskjer at alle skal bli frelst. Jesus er vårt einaste håp. Jesu død og oppstoda er kjernen i bodskapen og Jesus er vårt einaste håp. Ta vare på takknemlegheita til Jesus, utfordra Generalsekretæren.

Bedehusbevegelese

Vidare vart årsmøtet minna om å ta vare på bønnelivet i forsamlinga. 2. Tim 2. 1 «Framfor alle ting formaner eg difor til at

det vert gjort bønner, påkallingar, forbønner og takk for alle menneske.» Vi tilhøyrar ein Bedehusbevegelse og har ein verdifull arv å vidareføre.



Generalsekretær Jarle Haugland.

Læra og forsamlinga

Læra vart vi også minna om å ta vare på. Kva er sant om Gud og kva er sant for om oss? Kva er umisseleg for oss? Bibelen minner oss også om å ta vare på forsamlinga, beskytta flokken og gje dei næring. Her kan det vera fint å væra forbilde for andre i forsamlinga gjennom utfordringar og truskriser.

Bringe til Jesus!

Som det siste punktet i talen minna Jarle Haugland årsmøteforsamlinga om å ta vare på oppdraget. Vi er sendt ut for å vinne menneske for Jesus. Forkynna evangeliet og vera vitne der vi er i kvardagen. Ap.gj. 1.8 «Og de skal vera mine vitne...». Vi er sendt ut for å leite opp menneske og bringe dei til Jesus.

Stjernedryss i adventtid

På årsmeldinga for 2025 kom det fram at det nye arrangementet i kretsen «Stjernedryss i adventtid» som vart arrangert rundt på lokale bedehus hadde slått godt ann. Det hadde samla mykje folk og bidratt positivt til kretsen sin økonomi. Årsmeldinga viste derimot at dei tradisjonelle kvinnehelgene på Ognatun slit med oppslutninga.

Gud nær på leir

Mest glede og entusiasme skapte det i årsmøtet når barne- og ungdomsarbeidarane, Gina Ueland og Anita Auestad fortalte frå leirarbeidet på Ognatun. Om lag 500 barn og ungdommar er innom på leir i løpet av eit år. Mange reiser heim med mange gode og kjekke opplevingar, og for mange får den kristne budskapen som blir formidla på leirane bety mykje. Årsmøtet fekk høyre om opplevingar frå leir der Gud hadde vore nær og berørt både leiarar og deltakarar og viste han er på ekte.

Det vart uttrykt kor viktig det er med forbønn for leirarbeidet, og barne- og ungdomsarbeidarane takka alle som trufast ber for leirarbeidet. Dei merkar at arbeidet blir børe i bønn.

Ulike leiarar

Leirarbeidet treng også vaksne leiarar, og det vart understreka at ein treng ulike personar. Nokon til å vera med på leik og aktivitetar. Andre som kan sitja i aalongen og prate/spele med deltakarar. Dei som har ansvaret for leirane vil vera glade for alle som tar kontakt og vil vera med som leiarar på leir.

Stor pågang

Anne Berit Aarsland som har ansvaret for Retrat- og samtaletilbodet kunne informera om at det er stor pågang på sjelesorgstilbodet. Og at det difor var veldig flott å få tre nye sjelesorgjarar med i denne viktige tenesta slik at det nå er 13 frivillige i dette viktige arbeidet.

Ho minna også om flotte Retreatar som skal vera på Ognatun framover.

Dugnad

Formann i Ognatunstyret, Magne Skårland



Odd Narve Grude har ordet under årsmøtet. Kari Helen Garheim og Johan Halsne er møtedirigenter.

orienterte om Ognatun. Det er nå på plass god bemanning på leirstaden. Ein flott dugnadsgjeng er på plass kvar onsdag ettermiddag/kveld og får gjort mykje vedlikehaldsarbeid. Det største prosjektet er å skifte vindauga i Internatbygget. Elles går det i opparbeiding av ved, og nå på våren er det malingsarbeid og rydding på uteområdet. Magne uttrykte stor takksemnd til alle som deltek på ulike former for dugnad på Ognatun.

Krevjande økonomi

Økonomi er ei utfordring i misjonsarbeidet, kretsen gjekk i 2025 med eit underskot på 58 000 kr. Rekneskapen viste framgang i fast gjevarteneste. Kretsstyret hadde ein ringerunde til mange faste gjevar i februar 2025 og mange faste gjevarar auka sitt beløp. Dette vart det uttrykt stor takksemnd for. Eit anna tydeleg trekk i rekneskapen var at inntektene frå lag og forsamlingar hadde gått merkbar ned siste året. Rekneskapen for Ognatun viste eit underskot på 870 000 kr.

To nettverk

Kretsleder Johan Halsne orienterte om nettverkmodellen og arbeidet med ulike nettverk som ein ynskjer skal vera ein ressurs i det lokale arbeidet. I dette arbeidet skundar ein seg litt langsamt men har nå ein plan om å starte opp to nettverk til hausten. Det er nettverk for Forkynning og åndeleg lederskap, og eit for Bønn og samtale. (fleire kjem seinare)

Nytt kretsstyre

Kretsstyret i ImF-Rogaland etter valet på Årsmøte:
Kari Helen Garheim, Klepp stasjon, Morten Habbestad, Varhaug, Bente Roth, Tjelta, Jarl

Steinar Lædre, Egersund, Helen Slettebø, Lye, (ny) Leif Jakobsen, Vedavågen, (ny), Bernt Jarl Berge, Tau, (ny) Knut Hogstad Nilsen, Sandnes, 1. vara (ny)

Ny rogalending formann i ImF



Reidar Røyland har sitt daglige arbeid på Sandnes Friskole.

-Vi treng tydelegare profil og kommunikasjon av vår identitet som misjons og bedehus bevegelse. Vår utfordring er å samla laget, få felles identitet og retning. Men dette er ikkje lett i vår struktur med sjølvstendige einingar.

► Av Terje Slettebø

Dette seier Reidar Røyland i ein samtale med Siste Indre. Han har nå vore formann i ImF-styret i 9 månader, der han overtok etter ein annan rogalending, Gabriel Pollestad.

Naturleg tidspunkt

Han fortel at han som person er open for det meste og ikkje bekymra for nye oppgåver; -Eg tar alle slike spørsmål seriøst når dei kjem. Når valkomitéen spurte, og det ikkje var flust med kandidatar, kjente eg at det var eit naturleg tidspunkt for meg å gå inn i denne tenesta. Eg hadde avslutta eit års vikariat som kretsleder i ImF-Rogaland og gjennom dette året også fått oppdatering på arbeidet sentralt, og i perioden 2009-2016 var eg nestformann i ImF-styret, så eg visste kva eg gjekk til, seier Reidar.

Medspelar

Formannen si viktigaste oppgåve er å vera støtte og medspelar for generalsekretæren, tenkjer han. Og Reidar som «skulemann» opplever det også veldig fint å få representera ImF som skuleeigar i Kristne

Friskolers Forbund og Danielsen skular. Dette kan også greitt kombinerast med hans nåverande arbeid på Sandnes Friskole.

Stor påverknad

Har du fått oversikt over alt arbeidet til ImF?

- Arbeidet til ImF-er oppdelt i 9 sektorar og slik greitt å ha oversikt over. Men med vår struktur nedanfrå med sjølvstendige einingar er utfordringa å finne kva mandat sentralleddet skal arbeida ut frå, påpeikar formannen.

Han held fram skulane som det store lysande område der ImF når lengst. Sentralleddet er medeigar i skular med fleire tusen elevar. Mange blir frelst og gjennom skulearbeidet har ImF stor påverknad på samfunnet rundt skulane.

Åndskrafta

Reidar fortel om god elevtilgang, flott åndeleg arbeid og peiker spesielt på den åndskrafta som har vore i arbeidet gjennom «Krigarane» og «Søstrene» som starta på KVS Lyngdal og har spridd seg vidare. Her peiker Reidar på at ImF får vera ein del av ein større trend der fleire unge i dag søker mot kristendommen og kristen tru.

Balanse

Økonomiske utfordringar har prega ImF i det siste. Vi utfordra formannen til å sei litt om den økonomiske situasjonen i ImF nå. Han fortel at i 2025 gjekk drifta i minus, men sal gjorde at resultatet vart godt og likviditeten betre.

For 2026 reknar ein med eit underskot på 1,5 mill på drifta. Men på grunn av ein stor arv på fleire millionar er den umiddelbare krisen mindre. Organisasjonen har stor gjeldsbelastning knytta til Sjøholdt folkehøgskule. Her er Reidar takksam til Runar Landro og Gabriel Pollestad som rakk å rydda opp og fekk kontroll på gjelda. Formannen er veldig klar på at for 2027 må dei få drifta til å gå i balanse.

Endringar må til

Kva tankar gjer du deg om situasjonen rundt imF-tru?

-Her må vi omorganisera oss. Det er ikkje mogleg lenger å halda ImF-tru utanfor der aktiviteten skjer i organisasjonen. ImF-tru er nå godkjent på feil grunnlag.

Vi må prøve å få gjort ei endring slik at einingar i ImF blir omgjort til trussamfunn. Eg håper vi skal kunna løysa dette med at det i forsamlingane våre kan registrerast både medlemmar i ImF-tru og medlemmar som tilhøyrer andre trus-samfunn, avsluttar Reidar Røyland.



VELKOMMEN TIL

UNGDOMSLEIR

på Ognatun 23.-25. oktober 2026



HVA GJØR
VI PÅ LEIR?

Kveldsmøte

Bibeltime

Q&A

Akiviteter

God mat

Smågrupper

Underholdning

Nye vennskap

23.-25. okt

Sett av datoen!
Mer info kommer.



imf Rogaland



Ognatunbasaren
24. sept. kl. 18.00

Tale:

Johan Halsne



Alle er velkomne!

Song:

Husets
Trekkspeklubb

Enkel servering

*Åresalg

*Hovudtrekning

imf

Furutangen

Pinsen 2026

Bilder tatt av Inge Magnus Vasvik og Johan Halsne



Lang kø for kjøp av grillmat etter møte.



Wenche Lunde var og dette året sammen med oss som forkynner gjennom helgen. Denne gangen fikk vi og et sterkt møte med Lisbeth fra Peru, der Wenche har vært misjonær gjennom mange år.



Den sosiale del er viktig mellom møtene.



Furutangen ligger plassert nede ved sjøen og mange kommer sjøveien med egen båt til sanghelga.



Ekteparet Krista og Samal Hanni Lognberg fra Færøyane gledde oss med fin sang gjennom hele helgen.



Lørdag kveld sang Synnøve Aanensen med god hjelp på instrument og vokal fra Kjell Rune Fjellheim.



Møtesalen var fullsatt lørdag kveld på både møte og konsert.

STØTT VÅRE ANNONSØRAR!

Trenger du regnskapsfører?

Besøksadresse:

Myrvegen 2, 4344 Bryne

Welhavensv. 19, 4319, Sandnes

Stasjonsvegen 14, 4360 Varhaug

(2. etasje Spar Varhaug)

Kontakt Jonas Varhaug - tlf. 905 79 580, E-post: post@jarok.no

www.jarok.no



Brit Ege Salongen

Tlf: 51 48 03 72

Her kan du

annonsere!



Fatland

Vi bryr oss om bonden


ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER
Elektrofag Jæren

Industrig. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren

ELPROFFEN

**Astor Industri
Eiendom AS**



**Kringsjø
Invistering AS**

STEELWORK

VIGRESTAD BYGG



WWW.VIGRESTADBYGG.NO

Tlf: 958 19 505

NorProfil AS

**Pål Hatteland AS
Entreprenør**

Mob 99278710

Grude Gartneri

Brekkeveien 18

4353 Klepp Stasjon

bryne rør

Le Service A S



**Leplanting
Hageanlegg
Kompoststrø**



4362 Vigrestad

Tlf: 51 43 75 89 • Fax: 51 43 66 53

Mobil: Erik: 982 46 915 • Einar: 982 46 916

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug

Mobil: 958 28 410 • Fax: 51 43 08 27 • jgunna@online.no



din trafikkskole

Tlf.: 464 22 022



WALDELAND MASKIN

- Grusarbeid
- Transport
- Graving
- Gruspukk
- Landbruks
- Traktor
- Pressing av rundbøller
- Vintervedlikehold
- Bryting og slusing



Tlf: 90 79 61 44

Bokføring - lønn - årsoppgjør
stiftelser- økonomisk rådgivning

ROTT REKONSTRUKSJON OG RÅDGIVNING, TLF. 51 85 34 50 - WWW.ROTTREKONSTRUKSJON.NO

ROTT

Odd Narve Grude

Næringsbygg

Tlf.: 90 13 95 19

51 42 37 99

STØTT VÅRE ANNONSØRAR!

Kafé og marknad på same dag

-Dette synes eg fungerte god og vi tar med oss erfaringane frå i år og prøver å få til ein enda betre dag neste år. Eg brenn spesielt for at fleire barn skal kome å bli med på ein slik dag, så det vil nok bli eit fokus i planlegging av neste år.

- Tekst: Terje Slettebø
- Bilete: Henriette Holta og Johan Halsne

Dette sa Dagleg leiar på Ognatun, Henriette Holta etter at ein i år slo saman Ognatun kafé og Marknadsdag. I tillegg vart det og lagt opp til konsert med Børge Tjessem. Ho fortel vidare at salet av blomster fekk eit flott oppsving med alt samla på ein dag. Kafeen var også jamt godt besøkt, men dessverre var oppslutninga på konserten liten.

Henriette framhevar at det var ekstra kjekt med dei barna som kom og var med på aktivitetane som var for dei.



Klart for sal av blomster.

Arrangementet hadde ei samla omsetning på 45 000 kr. Dagleg leiar er takksame for godt

vær denne dagen og til alle som støttar opp om Ognatun på denne flotte måten.

SOMMERDAGER PÅ OGNATUN

22.-26. juli :: Ognatun leirsted

Bibeltimer og kveldsmøter

Barneopplegg

Aktiviteter for store og små

God mat

Velkommen hele uka, på dagsbesøk eller enkeltmøter!!
Mer informasjon på www.imfrogaland.no/sommerdager-ognatun

Booking av overnatting:

ognatun@imf.no 51793888

Program:

Onsdag
Kl. 19.30: Åpningsmøte
Salg av grillmat etter møte

Torsdag-lørdag:

Kl. 08.30-09.30: Frokost
Kl. 10.30-11.30: Bibeltime og barneopplegg
Kl. 12.30-13.30: Salg av lunsj
Kl. 15.00: Ulike aktiviteter, se dagsprogram
Kl. 17.00-19.00: Middag
Kl. 19.30: Kveldsmøte
Salg av grillmat etter møte

Søndag
Kl. 08.30-09.30: Frokost
Kl. 10.30: Storsamling

Mat:

Frokost og middag kan forhåndsbestilles ved booking.

Det blir også salg av enkeltmåltider i resepsjonen under sommerdagene.

Fasiliteter:

- Kano
- Badeplass
- Suppbrett
- Gummibåt
- Fotball
- Tennis
- Volleyball
- Lekeplass
- Kiosk
- Billiard
- Shuffleboard
- Bordtennis
- Bordfotball
- Brettspill
- Fine turområder
- Nærhet til golfbane og strand

Overnatting:

Booking av rom på Ognatun gjøres på mail: ognatun@imf.no eller tlf. 51793888.

Informasjon om priser finner du på nettsiden: www.imfrogaland.no/sommerdager-ognatun



Fristande kaker i kafeen.



Tomater og agurker kunne ein også kjøpe med seg.



Godt sal av blomster på Marknadsdagen.



BØNNE- OG TAKKEEMNE

Be for:

- Sommarveke på Ognatun
- Samtaletilbudet og retreatarbeidet
- Formenn og kontaktpersonar
- Leiarar i barne- og ungdomslag
- Ungdomsleiren på Ognatun

Takke for:

- Barneleirane på Ognatun
- Kafe og markedsdag på Ognatun
- Årsmøte
- Nytt kretsstyre
- Song og musikkhelg på Furutangen

*Du kan sende inn bøneemner til kretskontoret, så tek vi det med på bønesamlingar som vi har.
Send sms til 459 55 969 eller på e-post: rogaland@imf.no*

KVELDS & KONSERT PÅ OGNATUN

HAUSTEN 2026 PLANLEGG VI

3 KVELDS & KONSERT PÅ OGNATUN.



SØNDAG 20. SEPTEMBER KL. 18.00

SØNDAG 25. OKTOBER KL. 18.00

SØNDAG 15. NOVEMBER KL. 18.00

VELKOMMEN!





Returadresse: ImF Rogaland, Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg

LYNGDAL BIBELCAMP 2026

29 JUNI- 5 JULI

LEIRSJEF:

Lærer Solveig Hosøy

BIBELTIMER:

Forsamlingsarbeider Aud
Karin K. Ringvoll

KVELDSMØTER:

Kretsleder Vegard
Hetlebakke
Sangevangelistene
Marit og Irene

LOVSANG:

Familien Egeland med flere

6-12 JULI

LEIRSJEF:

Lærer Solveig Hosøy

BIBELTIMER:

Radiopastor i P7 Ingvald
A Kårbø

KVELDSMØTER:

Pastor Torgeir Lauvås
Generalsekretær
Jarle Haugland

LOVSANG:

Familien Løsnesløyken

13-19 JULI

LEIRSJEF:

Markeds- og
arrangementsansvarlig
Kenneth Foss

BIBELTIMER:

Rektor Andreas Evensen

KVELDSMØTER:

Daglig Leder ImF-UNG
Asle Steinbru
Kretsleder Johan Halsne

LOVSANG:

Andreas Oltedal med flere

EGEN KIDSCAMP OG UNGDOMSCAMP ALLE UKER.

HVER UKE ER DET SEMINAR, CAFE, TURER,
BASAR/MISJONSLØP, STORSAMLING OG GRILLING.

BOOKING AV ROM, LEILIGHETER OG CAMPING SKJER
PÅ KVS-CAMPING.NO ELLER TLF 38 33 06 00

NYTT AV ÅRET ER EN EGEN «UNGE VOKSNE CAMP».



FOR MER INFO OM PROGRAM SJEKK
WWW.BIBELCAMPEN.NO

